

## Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 12.11.18

**Til stades:** Siri Fidjeland, Anita Haugen, Tone Østtveit Kvinen, Helin Morel, Eva Marianne Tennfjord, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

### Sak 23/18: Konstituering av nytt styre

Leiar: Solveig Marie Ådneram  
Nestleiar: Tone Østtveit Kvinen  
Sekretær: Åse-Berit Fidjeland  
Kasserar: Anita Haugen  
Styremedlem: Helin Morel  
1. vararepr.: Siri Fidjeland - møter fast på styremøta  
2. vararepr.: Eva Marianne Tennfjord

### Sak 24/18: Litt av kvart inkludert kurs og møte

- Som ein ser av funksjonslista, vart styremedlemmene samde om å endra frå *studie-leiar* til *styremedlem*.
- Me avgjorde samstundes at me ikkje melder oss på eller søker om støtte til "Organisasjonsskolen" eller "Tradisjonsmatskolen" dette året. Det er viktigare å ha fokus på det som kom fram under arbeidet før årsmøtet.
- Solveig Marie, Eva Marianne og Åse-Berit er påmelde på leiarmøtet i Stavanger 24. november 2018.
- Åse-Berit utfordrar Sira-Kvina, næringsforeininga og ulike einingar i Sirdal kommune til å vera med på peparkakebygda

### Sak 25/18: Årsplan/aktivitetshjul

Siri føreslo at alle aktivitetar skal vera gratis for medlemmar, for at dei skal få att noko for kontingenten, og så kan me ta betalt av andre på opne arrangement.

Det er krevjande å arrangera lengre tura, så Solveig Marie sjekkar ut om me kan "hengja oss på" Bjerkreim BK.

Sjå vedlegg for årsplan, men her er litt meir utfyllande opplysningar om nokre av aktivitetane:

- Temakvelden m/Sosan Asgari Mollestad prøver me å få til på kulturhuset, ev. i foajeen, saman med kulturkontoret, VO og NAV. Åse-Berit tar kontakt med dei to første, og Tone med NAV. Kan elevar ved VO laga og servera mat?
- Basaren har Sirdal skilag sagt ja til å vera med på sjølve kvelden, og dei kan kanskje baka kaker. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe som planlegg vidare arbeid, der Solveig Marie og Helin er med frå SBK.
- Trugeturane kan t.d. gå til Slottet og i Ousdalsdalen, og kanskje kan ein ha ein tur

med broddar òg.

- d) Bli kjend i bygda-turane kan Tone vera med på, saman med eit par til, som Siri og Helin.
- e) Link til heimesida på årsplanen for at medlemmane kan følgja med på kva som skjer der.
- f) Laga årsplanen som kjøleskaphugselapp/vedlegg til vervebrosjyre til alle medlemmane, samt legg dei ut på butikkane.
- g) Skal me kutta ut nokre dugnadar, kan Energifestivalen vera den i år.

### **Sak 26/18: Nye innbuarar**

Kjetil Sunde og Espen Bugge-Jensen på Klattane får besøk av **Helin**

Julie Olsen, leiar i Sirdalsløyper, får besøk av **Åse-Berit**

**Nytt møte:** Tysdag 8. januar kl. 19.00 på personalrommet Sinnes skule